

Hopland grendalag  
v/ Linda Syslak, leiar  
Hoplandsjøen 79  
5943 Austrheim

25.04.2015

Austrheim kommune  
v/ Prosjektleiar Frode Hervik

**Innspel i samband med høyringsrunde vedrørande vidare utbygging av breiband til Hopland, frist 27.04.2015.**

Viser til informasjon på Austrheim kommune sine heimesider vedrørande vidare utbygging av breiband til Hopland.

Det er stor interesse for ei slik utbygging til Hopland, og ei slik framføring av fiberkabel vil bety stabil internett-tilgang for alle som treng og ynskjer dette. Slik det har vore og er no, så er det mange som har dårlig, og til tider svært dårleg, kapasitet på internett.

Mange har allereie svart på kommunen si interessekartleggjing på heimesida til Austrheim kommune, men det er nokre som ikkje har fått skjema til å fungere. Vi legg med namna på dei som har meldt om dette til grendalaget.

Hopland grendalag er positive til at breiband vert ført fram til Hoplandsbygda, og ser det som ein stor fordel både for private husstandar og **særleg for dei som driv næringsverksemd i området.**

Me vonar at traseen vert lagt slik at det ikkje vert til hinder for vanleg bruk av landbrukseigedomane, og at arealet vert tilbakeført i minst like god stand som før arbeidet tek til.

Mvh  
Hopland grendalag v/ styret  
v/Linda Syslak, leiar

**Namn på interesserte på Hopland som ikkje har svara på  
heimesidene til kommunen  
(og som har meldt frå til Hopland grendalag)**

**Jorunn Kårdal**

**Anita Sulen og Sigbjørn Gaustad**

**Marthin Steffensen og Linda Søreide**

**Ronny Karlsen og Greta Faye Anfinsen**

**Linda og Trygve Syslak**